

Til utvalsleiar i Hovedutval for kultur, idrett og integrering i Vestland fylke.

SKRIFTLIG SPØRSMÅL TIL HOVEDUTVALSMØTE 17.MARS 2020.

Blir den gamle bensinstasjonen i Lars Hillesgate 27 freda?

Mange som tar bybanen i Bergen undrar seg gjerne over ein liten bensinstasjon med tempelsøyler, gamle pumper og smijarnrekkverk rett ovafor Bergen Media City. Denne kom i drift i 1928 og var i drift i 70 år, først som MIL-stasjon, deretter BP-stasjon, NOROL-stasjon og til slutt STATOIL automatstasjon. I dag er eigedomen eigd av det internasjonale bensinstasjonskonsernet Circle K AS, som kjøpte opp STATOIL-stasjonane.

Etter at denne ærverdige bensinstasjonen vart nedlagt i 1998, har ein gjeng entusiastar brukt over 60.000 dugnadstimar for å tilbakeføre bensinstasjonen til slik den var i 1928 etter originalteikningar frå Bergen Byarkiv frå 1927, både bygningsmessig, med nikkepumper, bensintank og stort utval av utstyr og rekvisita - til og med den gamle smørehallen, tankbil og andre veteranbilar i kjellaren. Tidlegare riksantikvar, Stephan Tschudi Madsen frå Bergen, var inspirator og rådgjevar for denne museumsgjengen i mange år. Både byantikvaren i Bergen og fylkeskonservatoren i Hordaland har tidlegare gitt uttrykk for at denne stasjonen har stor verneverdi og bør fredas av riksantikvaren (stasjonen er etter det eg skjønar i dag mellombels freda). Dette kjem til uttrykk m.a. i eit oppslag i Bergensavisen (BA) 30.november i fjor. Museumsgjengen bak MIL-stasjonen i Lars Hillesgate 27 ynskjer både at veteranstasjonen blir freda etter tilbakeføringa til 1928 og at det blir oppretta ei stifting for vidare drift av denne veteranstasjonen. Sjøl om Norge om få år går inn i ei tid med nullutsleppsilar, er det viktig å ta vare på ein flik av bensinstasjonsdrift gjennom meir enn hundre år. Norsk Brændselolje AS, som bygde denne MIL-stasjonen i Bergen i 1928, vart stifta 20. mai 1920. Ei avklaring på fredningsspørsmålet før denne dato, har vore ei målsetting for denne museumsgjengen. Samstundes er dette eit område med omfattande eigedomsoppkjøp og planar om stor byggeaktivitet og fleire høghus. Mange kallar dette området i dag «indrefiletten» for eigedomsutviklinga i Bergen sentrum. Denne gamle ærverdige bensinstasjonen i ein etasje med kjellar vil kome til å liggje inneklemt mellom nye moderne høghus med høge tomteprisar. Passet for oppkjøp og riving og nybygg vil auke i dette området Difor hastar det med ei avklaring.

Eg har difor fylgjande spørsmål:

1. Meiner utvalsleiaren og administrasjonen i Vestland fylke at denne gamle MIL-bensinstasjonen i Bergen frå 1928 har stor verneverdi og bør fredast av Riksantikvaren slik både byantikvar i Bergen og fylkeskonservatoren tidlegare har gitt uttrykk for?
2. Om svaret er ja, kva har fylkeskonservator og Vestland fylke gjort - eller vil gjere - for å få på plass eit endeleg fredningsvedtak hos Riksantikvaren av dette spesielle kulturminnet – og når kan det i beste fall kome på plass?

Helsing Terje Kollbotn (hovedutvalsmedlem Raudt Vestland)